

## **Olaf Aagedal: 17.maifeiring som dugnad for demokratiet**

### **Karneval og høgtid**

Den norske nasjonaldagsfeiringa er ein vårleg folkefest med bunader, barnetog, korpsmusikk, is og pølser. 17.mai er også ein høgtidsdag med talar og alvorsfylte ord om demokrati, grunnlov, fred og fridom. Men 17.mai-talane er av mange oppfatta som ein kjedeleg sjanger. Den presenterer sjeldan nyheter eller kontroversielle meiningar som fører til debatt – det er ikkje på grunnlovsdagen du får høyre politikarar lansere nye forslag til løysing av straumkrisa eller ta til orde for mindre bompengar. Er 17.maitalane apolitiske talar? Ja, i den forstand at dei som regel er heva over partipolitikken, men «nei» om ein meiner utan politisk innhald. Dei er politiske ved at dei uttrykker støtte til verdiar og prinsipp i vårt politiske system som blir oppfatta som grunnleggande og felles på tvers av partiskiljelinjer. Når 17.maitalar blir opplevd som kjedelege er det truleg fordi dei fortel oss noko vi meiner vi veit frå før – «sanningar» som blir gjentekne kvart år og som vi gjerne tar for gitt og ikkje opplever som truga. Og når det har vore snakk om 17. maifeiringa som ei feiring av fred i Norge, har det gjerne vore med referansar til andre verdskrig og ei stadig fjernare fortid. Eller til ei hypotetisk framtid der det kan «bli krevet» at vi «for dets fred slår leir», som vi syng i nasjonalsongen.

Men i dag trengs ikkje referansar til fjern fortid eller hypotetisk framtid for å oppleve at trugsmål mot demokrati og fred er reelle også her. Som følge av uroa i verda har politikarane gått inn for ei styrking av nasjonalt militært forsvar og internasjonalt forsvarsamarbeid, og vi har òg fått ein debatt om sterkare involvering av befolkninga i arbeidet for å styrke landet sitt forsvar: Korleis kan den sivile befolkninga bli betre rusta mot åtak på demokratiet? Ein stad dei kan vende blikket, er til nasjonaldagen vår og organiseringa av sjølvfeiringa.

### **Heilt avgjerande**

I ein kommentar om Høgre sitt forslaget om våpenkurs for sivilbefolkninga skriv Maria Berg Reinertsen i Morgenbladet at «angrep på demokratiet vårt kan komme fra mange andre kanter enn fra fremmede makter i panservogn» og at kunnskap om slike former for angrep og metodar for å stoppe desse, kan vere ein viktig del av sivilt forsvar. Ho meiner at Norge har særlege erfaringar å

bygge på når det gjeld denne forma for forsvar og viser til vellukka erfaringar frå lærarane sitt sivile motstandsarbeid under andre verdskrigen i Norge som hindra nazifiseringa av den norske skolen.

Spørsmåla som Reinertsen tek opp er viktige. Slik moderne hybrid krigføring har utvikla seg, er styrking av sivilsamfunnet og sivil motstand blitt ein endå viktigare del av forsvaret. I dag kan trugsmål mot norsk suverenitet kome ved at framande makter prøver å få kontroll over infrastruktur gjennom sabotasje av, eller infiltrering i, eksisterande infrastruktur. Åtak mot demokratiet kan kome gjennom massespreiing av fake-news som skal skape forvirring og så misstillett til politikarar og demokratiet sine institusjonar. Norge sin strategiske posisjon i den nye geopolitiske situasjonen gjer at landet kan vere eit aktuelt mål for slike åtak. I denne situasjonen er sivilbefolkningsa si rolle i forsvar av suverenitet og demokrati heilt avgjerande. Ei styrking av eit sivilsamfunn som ser teikna til nedbryting av demokrati og har kunnskap og verdiar til samla motstand, er truleg er den viktigaste form for sivilt forsvar i dag. Nazistane klarte å okkupere norsk territorium, men forsøket på å nazifisere skulen, kyrkja og «frivillighets-Norge» var stort sett mislukka. Det same var tilfelle for 17.-maifeiringa: Som historikaren Brit Marie Hovland skriv i boka «Slik blir nordmenn norske», blei den folkelege feiringa av den norske nasjonaldagen eit prosjekt som okkupasjonsmakta måtte gje opp.

### **Fornying som kampdag for demokratiet?**

Fiaskoen heng truleg både saman med 17.maitradisjonen sitt *innhald* og feiringa si *form*. Det verdiane dei flest oppfatta at dei feira på denne dagen stod i strid med dei verdiane okkupasjonsmakta representerte. Difor gav det ikkje mening for folk flest å fortsetje feiringa som om dagen var den same. Men 17.mai-fiaskoen under krigen heng også saman med feiringa si *form*.

Nasjonaldagsfeiringa i Norge er ikkje, som i mange andre land, ei offisielt styrt feiring med militærparadar. Det er ei desentralisert feiring basert på lokale dugnader forankra i sivilsamfunnet gjennom barnetog, korps og foreldregrupper. Ingen veit i dag det eksakte talet på 17.mai-feiringar, men i ei kartlegging frå 2012 av kommunane si 17.maifeiring, anslår forskarane Botvar og Holberg at det var kring 3000 lokale feiringar. Desse var organiserte av lokale 17.maikomitear og underlagt lite offentleg styring. Det gjer nasjonaldagsfeiringa vanskeleg å overta for ein okkupant, fordi du, for å kunne gjennomføre dei mange lokale feiringar, må ha med deg sivilsamfunnet. Derfor blei okkupasjonsmakta si 17.maiferiring under andre verdskrig ei mislukka

feiring utan folk. Samstundes kan vi i ettertid seie at okkupasjonen av Norge førte til ei enorm styrking av den norske nasjonaldagsfeiringa. I 1946 vart 17.mai offentleg fridag og oppslutninga om feiringa vaks i etterkrigsåra fordi feiringa av fred, fridom og demokrati hadde fått ny mening. Den norske nasjonaldagstradisjonen representerer ein form for sivilt forsvar fordi den er forankra i eit sivilsamfunn som kan la seg mobilisere til motstandskamp når demokratiet sine grunnverdiar er truga. Den norske nasjonaldagsfeiringa er ei av dei eldste samanhengande nasjonaldagsfeiringane i verda. Feiringa har vist ei utruleg evne til å overleve og fange opp nye utfordringar. Det skjedde til dømes i avvisninga av høgrenajonalistiske krefter sine forsøk på 1980-talet på å utestenge ikkje «etnisk norske» barn frå barnetoget. Når norske politikarar gjekk saman med barnetoget frå Sagene skole som eit svar på bombetrugsmåla mot toget i 1983, bidrog dei til å gjere 17.mai til ein kampdag mot rasisme. Spørsmålet er om dagens trugsmål mot fred og demokrati kan gje feiringa ny mening, 17.maitalane ny klangbotn og fornye nasjonaldagen som kampdag for samfunnet sine grunnverdiar?